



NYNORSKSENTERET
NASJONALT SENTER FOR NYNORSK I OPPLÆRINGA

ÅRSRAPPORT 2015

1. Leiarrapport

Grunnlaget for aktiviteten ved Nynorsksenteret i 2015 har vore *Oppdragsbrev for 2015* og *Tiltaksplan 2 (2014-2016)*. Vi har i all hovudsak nådd måla i årsplanen. Tilbakemeldingane frå målgruppene våre er gode. Rekneskapen for grunnløyvinga endar i 2015 nokså nær budsjett (96%). Vi har følgd opp Udir sitt pålegg om å redusere overført beløp frå tidlegare års mindreforbruk, og samla UB 2015 er redusert til 470 000. I 2015 har vi hatt 11 tilsette i til saman 9,3 årsverk.

Oppgåvene/tiltaka i 2015 kan grupperast i seks hovudkategoriar:

1. Nye/utvida nettressursar (både eigne tilbod og uttrinn-ressursar utvikla etter tinging frå Udir)
2. Lese- og skrivestimuleringstiltak (både eigne prosjekt, samarbeid med andre senter og med eksterne partnerar)
3. Formidling/marknadsføring (blad, nettside, sosiale medium), inkl. engasjement av kommunikasjonsmedarbeidar.
4. UH-samarbeid (UH-nett Vest, HVO, HiSF, NOLES). Etablering av nynorsk nettverk for lærarutdannarar.
5. Tiltaksplan 2 (2014-16) med tre satsingsområde: 1) karakterforsøk vg, 2) formidlarskolering, 3) tidleg sidemål-start.
6. Jubileumskonferanse i Bergen i oktober. Fagkonferanse i høve 10-årsjubileet til Nynorsksenteret.

Vi har satsa spesielt på å nå ut til fleire med ressursane våre. Ein kommunikasjonsmedarbeidar vart engasjert i august, og dette har gitt større aktivitet i mange kanalar. Vi er også godt nøgde med å ha fått etablert eit nynorsk-nettverk av lærarutdannarar. Desse representerer nesten alle lærarutdanningane i landet. Vi ser dessutan gode resultat frå samarbeid med eksterne samarbeidspartnarar, t.d. *Foreningen !les* og fylkesbiblioteka i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal.

Tiårsjubileet vart markert med ein stor fagkonferanse i Bergen 21.-22. oktober, med over 200 deltakarar. Her vart nyare forskning om nynorskopplæring presentert, og det vart delt og drøfta røynsler frå praksisprosjekt for ulike målgrupper. Vi har hatt fleire gode samarbeidsprosjekt med andre nasjonale senter. Døme på det er utviklinga av Utrinn-nettressursar og produksjon av film om multiple tekstar, begge i samarbeid med Lesesenteret, og oppfølginga av vg-karakterforsøket saman med Skrivesenteret. I tillegg har vi halde fram det godt etablerte samarbeidet om drift av NOLES-nettverket.

Kontakten med Udir har vore god, med felles fagleg reise til Glasgow i oktober som eit høgdepunkt. Samarbeidet med vertsinstitusjonen Høgskulen i Volda (HVO) er også godt. Vi har god kontakt med dei relevante fagmiljøa om faglege spørsmål. Leiaren har også hatt fleire uformelle møte og samtalar med HVO-leiinga om administrative saker.

Volda, 16. februar 2016
Torgeir Dimmen
Senterleiar

2. Introduksjon til verksemda

Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa (Nynorsksenteret, NSNY) vart oppretta i januar 2005. Det er eit nasjonalt senter underlagt Kunnskapsdepartementet/Utdanningsdirektoratet. Senteret er oppretta og styrt etter § 1.4.4. i Universitets- og høgskulelova. Fagleg styring skjer etter årlege oppdragsbrev frå Utdanningsdirektoratet. Administrativt blir senteret styrt frå vertsinstitusjonen Høgskulen i Volda.

Samfunnsoppdraget til Nynorsksenteret er todelt. Saman med dei andre nasjonale sentera skal vi bidra til at den opplæringa som føregår i barnehagar og skular byggjer på kvalitetssikra kunnskap om kva som er god undervising og at opplæringa er i samsvar med vedtekte rammeplanar og læreplanar. I tillegg har Nynorsksenteret ei viktig rolle som aktør for å nå måla i den offisielle norske språkpolitikken, slik han er uttrykt i St.meld. 23 (2007-2008) *Språk bygger broer* og St.meld. 35 (2007-2008) *Mål og Meining – ein heilskapleg norsk språkpolitikk*. Etableringa i 2005 var elles ei direkte oppfølging av St.meld. 30 (2003-2004) *Kultur for læring*, der etableringa av eit nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa vart nemnt eksplisitt.

Nynorsksenteret har som mandat å «bidra til auka kvalitet i arbeidet med nynorsk i barnehagen og grunnopplæringa. Senteret skal vidare bidra til interesse og motivasjon for nynorsk i barnehagen og grunnopplæringa.» For å oppfylle dette mandatet samarbeider vi først og fremst med skule- og barnehageeigarar, tilsette i grunnopplæringa og UH-sektoren. I tillegg har vi mykje kontakt med interesseorganisasjonar, institusjonar og private føretak som arbeider for å fremje forståinga for og bruken av nynorsk i Noreg.

Torgeir Dimmen vart tilsett som senterleiar i 2012 i eit fireårig åremål. Hausten 2015 vart han reengasjert i eit nytt åremål frå 1.1.2016 til 31.12.2019. Pr. desember 2015 hadde Nynorsksenteret elleve tilsette. Åtte var fast tilsette, tre hadde tidsavgrensa engasjement. Ei av desse var ein ph.d.-stipendiat. Ho avsluttar stipendperioden 31.1.2016. Ein førstekonsulent i 0,5 stilling var knytt til administrasjon. Tre av fagstillingane var også mindre enn 100%. Samla tal på årsverk i 2015 var 8,7.

Ein av dei fast tilsette slutta i august-september for å byrje i fagstilling ved lærarutdanninga ved HVO. Ein av dei andre fekk permisjon frå 1.8. for å byrje i eit treårig ph.d.-stipendiat knytt til HVO. Ein tredje medarbeidar slutta 31.12. ved oppnådd aldresgrense. Det vart lyst ut to nye faste stillingar i oktober. Tilsetjing skjedde i november, men pga. oppseiingstid frå tidlegare jobbar byrjar desse nye medarbeidarane ikkje før i februar og april 2016.

Nynorsksenteret har heilt sidan starten i 2005 hatt eit eige fagråd. Dei siste åra har det hatt fem medlemmer. Dette er fagpersonar med litt ulik kompetanse innanfor fagfeltet nynorskopplæring. Fagrådet har ikkje noko formell mynde over drifta

av senteret, men fungerer som eit forum der leiaren og dei tilsette kan ta opp og drøfte overordna problemstillingar knytt til mandatet og oppdragsbrevet. Det vanlege er i ha to møte i året, men i 2015 vart det avvikla berre eitt.

Pr. desember 2015 har fagrådet slik samansetjing: Jan Olav Fretland (leiar, 1. amanuensis HiSF), Randi Solheim (1. amanuensis/forskar HiST/NTNU), Karen Marie Kvåle Garthus (avdelingsleiar Valdres vg. skule), Birgitte Fondevik (1. lektor HVO), Knut Åge Teigen (oppvekstsjef Luster kommune).

Vertsinstitusjon er Høgskulen i Volda (HVO) i Volda. Senteret held til i eit mindre kontorbygg i utkanten av campus, men med kort avstand til sentraladministrasjonen (m.a. rektor og direktør) og dei mest aktuelle fagmiljøa (norsk, lærarutdanning). I HVO-strukturen er senteret ikkje underlagt ei av dei fire avdelingane, men ligg direkte under sentraladministrasjonen som ei eiga, frittstående eining. Attestasjon av rekningar, utarbeiding av arbeidsplanar og å gjennomføre medarbeidarsamtalar er delegert til senterleiaren. Dei tilsette ved Nynorsksenteret har elles dei same rettane som dei andre HVO-tilsette m.o.t. oppfølging frå drift/IT, bibliotek, personal og økonomi.

Dei organisatoriske rammene rundt drifta har vore stabil dei siste åra, med godt etablerte rutinar for kontakt med vertsinstitusjonen og Utdanningsdirektoratet.

Nøkkeltal frå årsrekneskapen

	2015	2014
Årsverk	9,3	8,7
Samla tildeling frå Udir*	7 256	8 676
Utnyttingsgrad av tildeling	129 %	110 %
Driftsutgifter**	10 023	9 440
Lønsandel driftsutgifter	62 %	61 %
Lønsutgifter pr. årsverk (inkl. sosiale kostnader)	669	662
Dekningsbidrag til HVO (i kr. og prosent av grunntildelinga)	1 154 / 15 %	1 023 / 13 %

* Grunnløving + løyving til senterespesifikke oppgåver i oppdragsbrevet.

** Samla kostnad for oppdrag i fellesdelen i oppdragsbrevet + senterespesifikke oppgåver.

3. Årets aktivitetar og resultat

Generell merknad til resultatrapporteringa i del 3

Det er vanskeleg å gjere ei objektiv vurdering av «måloppnåelse på alle vesentlige områder». Vi kan lage tabellar og oversyn over produserte ressursar, deltaking på seminar og fagdagar, prosjektaktivitet og publisering. Klikk på nettet er også lett å måle. Alt dette har vi gjort, og det er oppsummert både i delkapittel 3.1., 3.2. og 3.3. og i vedlegga. Vi får gode tilbakemeldingar, både frå stadig fleire brukarar og frå Udir, men dette er eit lite presist mål på om det vi gjer fører til «auka kvalitet i arbeidet med nynorsk i barnehagen og grunnopplæringa» og om «senteret bidrar til interesse og motivasjon for nynorsk i barnehagen og grunnopplæringa».

Nynorsken si stilling i skulen og samfunnet elles i stor grad er avhengig både av politiske føringar og av makrotrendar i samfunnet som vi ikkje har innverknad på. Vårt fagområde har t.d. aldri fått drahjelp frå nasjonale, politisk initierte kampanjar av typen «realfagsatsing» eller «lese- og skriveløft». Skulesentralisering og demografiske endringar med flyttestraum frå bygdene til byane er to andre faktorar som indirekte motarbeider oppdraget til Nynorsksenteret. Slikt er sjølv sagt uråd å vege eller måle sikkert. Det gjer det også uråd å kople ein eventuell nedgang i nynorsk som opplæringsmål med manglande kvalitet på det vi gjer – eller om nedgangen kanskje hadde vore endå større utan vår innsats.

3.1. Felles oppgåver i 2015

3.1.1 Rammeplan- og læreplanrelatert aktivitet

3.1.1.1 Utvikling og publisering av pedagogisk støtte- og veiledningsmateriell og – tjenester til barnehager

- Nynorsksenteret hadde i 2014 hovudansvaret for å produsere ein filmressurs som viser korleis ressursar frå alle dei nasjonale sentera kan brukast til tverrfagleg arbeid i barnehagen. Filmen *Egget* (og tilleggsressursane) vart ferdigstilt og publisert i februar 2015.
- Vi har arbeidd med å tilrettelegge nettressursen «Berte og Iver» for nye digitale plattformer. Dette arbeidet vil bli fullført våren 2016.
- Utvikling av tverrfagleg ressurs knytt til bruk av biletbøker i barnehagen og småskulen.
- Vi har utgitt temaheftet *Spire*, med artiklar og tips om korleis drive nynorsk språkstimulering i barnehagen.
- Vi har utvikla ein digital, fullstendig katalog over nynorsk barne- og ungdomslitteratur, i samarbeid med aktuelle forlag. Lansert i februar 2015.

- Vi har utvida og utvikla ressursbasane *nynorsk bok.no* (skjønnlitteratur) og *Tekstbasen* (sakprosa tekstar i ulike sjangrar). *Nynorsk bok.no* med våre eigen bokomtalar er kopla saman med den fullstendige bok-katalogen (sjå over).

3.1.1.2 Formidlingsaktiviteter mot målgruppene i barnehagesektoren

- Vi har etablert ordninga «Nynorske lesefrø» i sju nye kommunar i seks fylke, i samarbeid med folkebiblioteka. Dette er eit litteraturformidlingsprosjekt for barnehagar i nynorskområde, der formålet er å stimulere til meir bevisst bruk av nynorske bøker.

- Vidareføring av samarbeidet med barnehagelærerutdanninga ved HiSF om opplæring i litteraturformidling (sjå også punkt 3.1.2.1).

- Eigen sesjon om barnehagetilbodet på jubileumskonferanse i Bergen i oktober.

- Medarrangør på fire konferansar om formidling/bruk av nynorsk barnelitteratur (Stord, Suldal, Førde, Ålesund)

- Innlegg om språkstimulering på 12-15 kommunale og regionale fagdagar.

- Deltaking med innlegg og/eller stand på tre nasjonale fagkonferansar for barnehagetilsette.

- Nynorsk leseglede-skolering (sjå punkt 3.2., senterespesifikk del).

- Målretta marknadsføring av barnehageressursane i sosiale medium. Eigne annonsar for filmen *Egget*, nettressursen *Bokstavsommaren* og bladet *Spire*.

(NB: Nokre av punkta over omfattar tiltak retta både mot barnehage og skule. Dei er difor tatt med både her og under punkt 3.1.2.1.)

3.1.1.3 Bidra i Utdanningsdirektoratets arbeid med læreplanutvikling

- NSNY har ikkje hatt oppdrag direkte knytt til punkt 3.1.1.3. i 2015.

3.1.1.4 Bidra i læreplanimplementering

- Utvikling av fem nettressursar til bruk i ungdomstrinnsatsinga, i samarbeid med Lesesenteret. Publisert på *udir.no*:

1) Korleis kan ein betre elevane sine ferdigheiter i sidemål? Skuleutvikling og endring av praksis (Torstad ungdomsskole).

2) Leseopplæring i samfunnsfag for elevar med nynorsk som sidemål. Lærebøker på nynorsk i andre fag enn norsk. Lesing i samfunnsfag. 3) Frå dikt til teikneserie og film. Tolking av tekst gjennom omforming. Lesing i norsk. 4) Å utforske nynorsk gjennom skjønnlitteratur. Lesesirkel med rollekort i språkopplæringa. Lesing i norsk. 5) Korleis arbeide med informasjon frå fleire kjelder? Lesing av multiple tekstar. Praksiseksempel med film. Lesing i naturfag.

- Saman med Lesesenteret laga vi nettressursen *Bokstavsommaren*, til bruk i overgangen mellom barnehage og skule. Eiga løyving og produksjon i 2014, lansering i februar.

- Produksjon av læringsressursen «Å lese multiple tekstar» (film + oppgåver), i samarbeid med Lesesenteret. Lansert i september 2015.

- Vi har fullført prosjektet «Å skrive i norskfaget» i samarbeid med to lærarar på to ungdomsskular i Møre og Romsdal. Målet er betre og meir systematisk rettleiing i språkundervisinga. Sluttrapport og eigen nettressurs med utgangspunkt i prosjektet publisert i november.
- Vi har vidareutvikla nettressursen *Nynorsk bok* og kopla han saman med ein eigen bokbase med oversyn over og omtalar av alle utgjevne nynorskbøker for born og unge.
(Sjå også vedlegg 2: Samla oversyn over nettbasert og trykt støtte- og rettleiingsmateriell.)

Generelt om ressursbruk knytt til 3.1.1.

Alt arbeid har blitt utført innanfor ordinære stillingsrammer. Produksjon av barnehagefilmen *Egget* (punkt 3.1.1.1) og filmen «Arbeid med multiple tekstar» fekk eigne løyvingar i senterespesifikk del i Oppdragsbrev 2014. Siste del av desse løyvinga vart brukte til ferdigstilling av ressursane i 2015. Begge vart produserte innanfor oppsett budsjettamme.

3.1.2 Fagdidaktisk aktivitet og kompetanseutvikling

3.1.2.1 Kvalitetsutviklingstiltak i samarbeid med barnehageeiere, skoleeiere og samarbeid med UH-sektoren/lærer-utdanningen

- Vi har vidareført to store sidemålsprosjekt, eitt på ungdomstrinnet (Torstad ungdomsskole i Asker) og eitt på vidaregåande trinn (Sortland vg. skole i Sortland). Begge prosjekta er fleirårige (3-4 år), og blir avslutta i 2016.
- I oktober arrangerte vi ein todagars fagkonferanse i Bergen med 220 deltakarar og fleire parallell-sesjonar. Målet var å formidle oppdatert fagkunnskap om nynorskopplæring og gode praksisdøme til målgruppene.
- I oktober gjennomførte vi prosjektveka «Klart vi les» i tre kommunar i samarbeid med Aasentunet og Møre og Romsdal fylkesbibliotek. Dette er eit årleg litteraturformidlingsprosjekt for lærarar og skuleelevar, i år for bhg. og barnetrinnet.
- Vi har vore medarrangør og bidrege med fleire innlegg på fire dagskonferansar om formidling av nynorsk barne- og ungdomslitt (Suldal, Stord, Førde og Ålesund).
- Deltaking på startsamling (Gardermoen) og arbeidsseminar (Stavanger) for den nasjonale skrive- og lesesatsinga «Språkløyper». (Sjå også punkt 3.2.2., senterespesifikk del)
- Vi har samarbeidd med VOX og læringssentra på søre Sunnmøre om å utvikle ein læringsressurs med utgangspunkt i nynorsk lettles-litteratur. Målgruppa er lærarar som underviser framandspråklege som skal ta grunnskuleutdanning.
- Saman med *Foreningen !Les* utvikla og lanserte vi i november *Tid for ti*, ein nynorsk leselystaksjon for 7. klassingar. Blir følgt opp og fullført i 2016.
- Samarbeid med ein barneskule (Tonning skule, Stryn) om eige leselystprosjekt. Ressurs lansert i februar 2016.

- Samarbeid med Det Norske Samlaget om formidling av nynorske letles-bøker for ulike aldersgrupper.
 - NOLES-samarbeidet med fagkonferanse i København (mars) (sjå detaljar i punkt 3.2.4, senterespesifikk del)
 - «Tidleg start»-prosjekt (sjå detaljar i punkt 3.2.3, senterespesifikk del)
 - Nynorske leseledarar (sjå detaljar i punkt 3.2.3, senterespesifikk del)
- Vi har vidareført samarbeidet med Høgskulen i Sogn og Fjordane om å utvikle ein praksisbasert modul i barnehagelærer-utdanninga om litteraturvurdering og litteraturformidling. Målet er å eksportere modellen til andre lærarutdanningar.
- Vi har etablert eit nettverk av nynorsk-kontaktar ved alle lærarutdanningane. Målet er å sikre at alle institusjonane har eit tilbod som er i samsvar med rammeplanen sine kompetansekrav og målsetjingane for språkopplæringa på GLU og BLU.
- Gjennom nynorsknettverket (sjå over) har alle lærarutdanningane fått tilbod om samarbeid med oss om utvikling av masterprosjekt med utgangspunkt i nynorskopplæring.
- Vi har presentert nynorskdidaktikk og -metodikk, eigne ressursar og prosjekt for studentar og fagtilsette ved to lærarutdanningsinstitusjonar (Volda og Sogndal)
- Saman med ein fagtilsett ved HiSF har ein av våre tilsette arbeidd med å førebu ei større undersøking av språkmeistring hjå nynorskelevar. Dei skal bruke tekstar frå basen til NORM-prosjektet (HIST/Skrivesenteret), og målet er å utvikle ein eigen nynorsk språkdidaktikk. Dette prosjekt har fått ekstern finansiering frå KUD.
(Meir om UH-samarbeid i kap. 3.1.3.)

3.1.2.2 Nasjonal satsing – Ungdomstrinn i utvikling

- Ungdomstrinn i utvikling: Viktigaste bidraget i 2015 har vore å ferdigstille nettressursane som er publiserte på *udir.no* (sjå punkt 3.1.1.4 over.) Vi har deltatt i gruppa ved Høgskulen i Volda som gjennomfører denne skoleringa, og ein medarbeidar har vore engasjert av HVO for å gjennomføre samlingar om lesing og skrivning tre kommunar på Nordmøre.

3.1.2.3 Nasjonal satsing på fag- og yrkesopplæring – FYR-prosjektet

- Nynorsksenteret har ikkje hatt oppdrag knytt til FYR i 2015.

3.1.2.4 Strategi for bærekraftig utvikling

- *Lesing og skrivning i samfunnsfag*. Film og nettressurs for 10. trinn (produsert i 2014)

3.1.2.5 Nasjonal satsing – «Samarbeid om økt gjennomføring i videregående opplæring

- NSNY har ikkje hatt oppdrag direkte knytt til punkt 3.1.1.3. i 2015.

Til punkt 3.1.2: Tidsperspektiv, ressursbruk og målsetjing:

Så å seie alle prosjekta/tiltaka som er tatt med i punkt 3.1.2 går over fleire år. Unntaket er konferansar/seminar og produksjon av enkelståande filmar. Netteressursane blir kontinuerleg reviderte og oppdaterte. Med unntak av ei mindre ekstern løyving frå KUD (kr 100 000) er alt finansiert innanfor grunnløyvinga + overførte midlar frå 2014 til senterespesifikke oppdrag (jf. rekneskapen). I svært mange av prosjekta samarbeider vi med andre aktørar som arbeider med (ny)norskopplæring. Det er andre nasjonale senter, kommunar, offentlege eller halvoffentlege tiltak (læringscenter, VOX, Nynorsk kultursentrum), interesseorganisasjonar (t.d. Mållaget og LNK) og kommersielle interesser (t.d. forlaget Samlaget). Dette gir betre og meir varige prosjekt og det er med på å bygge nettverk.

Den overordna målsetjinga for tiltaka retta mot barnehage og skule er å spreie kunnskap og skape bevisstheit om kva som skal til for å drive systemtisk *nynorskopplæring*. Saman med UH-sektoren ynskjer i å utvikle ny kunnskap, både om fagområdet «nynorskopplæring» generelt og om «god metodikk» spesielt. Vi får gode tilbakemeldingar på bidraga våre frå barnehagar, skular, UH og andre samarbeidspartnarar, men kan vanskeleg dokumentere direkte og varig effekt utover det.

3.1.3 Dokumentasjon, analyse og forskning

3.1.3.1 Systematisere og formidle kunnskap fra forsknings- og utviklingsarbeid

3.1.3.2 Kunnskapsoversikter

- Generelt: NSNY-tilsette held seg oppdaterte på relevant forskning gjennom lesing av faglitteratur og deltaking på kurs og konferansar. Det er også mykje uformell og direkte kontakt mellom NSNY-tilsette og fagpersonar i UH-miljøa. Dei mest aktuelle fagområda er skrive- og leseforskning, pedagogikk, didaktikk og språkvitskap. Fleirspråkperspektivet har fått mykje merksemd dei siste åra, og her er det etter alt å døme også meir å hente for oss.
- Også i 2015 har vi hatt mykje kontakt med Skrivesenteret i Trondheim og Lesesenteret i Stavanger i ulike samanhengar. Vi har m.a. kome med innspel til deira bidrag i Ungdomstrinnsatsinga og elles hatt god dialog om ymse faglege spørsmål.
- Vi formidlar aktuell forskning og eigne (og andre sine) praksisrøynslar i mange kanalar. Dei viktigaste er nettsida nynorksenteret.no og vårt eige fagblad «Nynorskopplæring». Det kjem tre gongar i året med eit opplag på ca. 2500.
- Vi publiserer innlegg på debatt- og kommentarplass i dagspressa og som foredragshaldarar i ymse samanhengar, m.a. på kommunale eller regionale fagdagar for norsklærarar.
- Vi publiserer stadig saker på Facebook-sida, i snitt tre-fire gonger i veka. Der har vi no over 3800 følgjarar (tredje mest av dei nasjonale sentera, etter Lesesenteret og Skrivesenteret). I samband med konferansar og seminar er vi aktive på twitter.
- I desember førebudde vi ein eigen blogg (*Iver*) med faglege innlegg ein gong i veka. Denne vart lansert i januar 2016.

- Vi har utvida samlinga med akademiske tekstar og prosjektrapportar på nettstaden. Dette oversynet blir kontinuerleg oppdatert og forbetra.
- Nynorsksenteret deltar i Nynorsknettverket i UH-nett Vest (samanslutning av UiB og høgskulane på Vestlandet). Vi er formelt berre observatør, men er aktivt engasjert i fleire tiltak, m.a. som ein av to redaktørar i ei fagfelleverdert artikkelsamling. Denne kom ut i oktober 2015, og inneheldt tre bidrag frå tilsette ved Nynorsksenteret.
- Nynorsksenteret er representert med to artiklar i artikkelsamlinga «Rom for språk. Nye innsikter i språkleg mangfald» (utgitt i januar 2015).
- Eigen sesjon på Lese- og Skrivesenteret sin fagkonferanse *Skriv!Les!* i mai (Stavanger). Faglege innlegg frå tre NSNY-tilsette og ein tidlegare tilsett.
- Tre innlegg/paper på den nordiske NOLES-fagkonferansen i København (mars). (Sjå punkt 3.2.4., senterespesifikk del.)
- Ein tilsett er inne i slutfasen av eit phd-arbeid: «Språkfag og fagspråk. Innhald og form på tekstar skrivne av yrkesfagelevar i eit fagskriveprosjekt på tvers av skulefaga norsk og samfunnsfag». Planlagt innlevering våren 2016.
- Ein annan av dei tilsette ved NSNY byrja i august på ei treårig phd-løp (ved HVO/UiB) der han skal undersøke skrivekompetansen til nynorskelevar. Grunnlaget for analysen er tekstar frå basen til NORM-prosjektet (HIST/Skrivesenteret).

Ressursbruk og målsetjing:

Alle tiltaka i punkt 3.1.3 er finansiert innanfor grunnløyvinga. Det er vanskeleg å vurdere måloppnåing og effektar også for denne delen av oppdragsbrevet, men dei siste åra har vi vore ekstra opptekne av å arbeide med (og presentere) teori og forskning som kan vere relevant for *nynorsk*-undervising spesielt. Kva er det som skil opplæring i nynorsk (både som hovudmål og sidemål) frå opplæring i bokmål? Prosjekta «Å skrive i norskfaget» (punkt 3.1.1.) og «nynorsk språkdidaktikk» (3.1.2.) er døme på tiltak som kan gi auka kunnskap om akkurat dette emnet.

3.1.4 Kommunikasjon

3.1.4.1 Samarbeidsordning for utvikling, publisering og formidling av nettbasert støtte- og veiledningsmateriell

3.1.4.2 Behovs- og brukertilpasning av materiell utviklet av sentrene ¹

3.1.4.3 Felles informasjons- og kommunikasjonstjenester

- Brukartala for nettsida *nynorsksenteret.no* har auka med 35% (til 94715). For dei tre mest brukte nettressursane *Nynorsk for dei minste*, *nynorskbok.no* og *Teikneseriar* er auken høvesvis 35%, 22% og 23%. Fullstendig brukarstatistikk i vedlegg 1.
- I 2015 har vi satsa spesielt på å nå ut til fleire med ressursane våre. Ein kommunikasjonsmedarbeidar vart engasjert i ei deltidsstilling i august, og dette har gitt større aktivitet og merksemd i mange kanalar.
- Arbeidet med felles inngangsportal for alle sentera vart lagt på is til den nye portalen *udir.no* er lansert (våren 2016??)

3.1.5 Samarbeid og samordning

3.1.5.1 Videreutvikling og styrking av samarbeidet om oppgaver i oppdragsbrevet og samordning av formidlingstiltak

3.1.5.2 Andre samarbeids- og samordningstiltak som senteret ønsker å kommentere

- Vi har også i 2015 hatt godt samarbeid med dei andre nasjonale sentera om fleire oppdrag, først og fremst med Lesesenteret om planlegging og produksjon av filmar og andre nettressursar (sjå punkt 3.1.1.)
- I november samarbeidde alle dei nasjonale sentera om ein felles presentasjon på den nasjonale barnehagekonferansen på Lillestrøm. Tilbakemeldingane frå dette opplegget var svært gode, både frå medarbeidarane frå dei ti sentera og frå konferansedeltakarane.

¹ Denne oppgaven ble vi enige om å legge på is, men om noen har gjennomført tiltak knyttet opp mot dette punktet, så ta det gjerne med

3.2 Senterspesifikke oppgaver

3.2.1. Tiltak som skal bidra til at senteret blir betre kjent og meir brukt i barnehagesektoren

- Engasjement av eigen kommunikasjonsmedarbeidar (frå august). Dette har gitt meir aktivitet i ulike mediekanalar og meir merksemd om senteret sine ressursar for barnehagane.
 - Eige dagsprogram for barnehagetilsette og barnehageleiarar på jubileumskonferansen i Bergen (oktober).
 - Medarrangør på fire konferansar om formidling/bruk av nynorsk barnelitteratur (Stord, Suldal, Førde, Ålesund).
 - Etablering av *Nynorske lesefrø*-prosjekt i sju kommunar i fem fylke, i samarbeid med folkebiblioteka.
 - Utgjeving av *Spire*, eit hefte om nynorsk språkstimulering i barnehagen.
 - Etablering av Nynorske lesegledarar (sjå punkt 3.2.3. under)
- (Sjå også tiltak under i punkt 3.1.1.2, Formidlingsaktivitetar mot målgruppene i barnehagen.)

3.2.2. Bidra inn i en ny nasjonal strategi for lesing og skrivning 2015-2019 i barnehage og skole (Språkløyper)

- Lesesenteret og Skrivesenteret har leia arbeidet med å planlegge satsinga. Vi deltok på den første samlinga på Gardermoen i oktober og på eit arbeidsseminar i Stavanger i desember. Arbeidet med å planlegge våre bidrag til ressursar i denne satsinga kom så vidt i gang før jul, og vil bli følgt opp i 2016 og åra etter.

3.2.3. Vidareføring arbeidet med Tiltaksplan 2 (2014-2016):

- Tidleg start ned nynorsk i bokmålsklasser på mellomtrinnet

Våren 2014 laga vi skisse til opplegg og inviterte skular til å delta i dette prosjektet. Frå hausten 2014 var tre klasser/elevgrupper på mellomtrinnet ved tre skular med. Dei ligg i Bodø, Lørenskog og Trondheim, og alle elevane ved dei aktuelle skulane har bokmål som opplæringsmål. I samarbeid med oss laga dei «lågterskel-opplegg» for å lese og skrive på nynorsk, i samsvar med kompetansemåla i læreplanen. I mars 2015 arrangerte vi eit fagseminar i Bodø for representantar frå prosjektskulane. Vi hadde også ein eigen sesjon om «tidleg start» på jubileumskonferansen i Bergen.

Prosjektperioden for dei tre prosjektskulane var berre eitt skuleår (2014/2015), men alle har vidareført arbeidsmåtane også etter formell prosjektslutt i juni. Våren 2015 etablerte vi kontakt med Bergen kommune om eit tilsvarande opplegg for tre av skulane der. Her kom vi i gang hausten 2015. Formell prosjektslutt for «tidleg start» vil vere i juni 2016, men vi vil bruke røynslene frå prosjektet til å utvikle nye ressursar til bruk i Språkløyper i 2016. Dette arbeidet er alt i gang.

- Arbeid med nye vurderingsformer i vidaregåande skule, i samarbeid med Skrivesenteret.

I april 2015 arrangerte vi det fjerde og siste arbeidsseminaret (Gardermoen) for vg-skular som er med på forsøket med ein eller to norskkaraktarar i første og andre året. Dette har vore eit samarbeid med Skrivesenteret. Første samlinga var i desember 2013, og ca. 25 vidaregåande skular frå alle deler av landet har vore med. På samlingane har det vore ein

kombinasjon av erfaringsutveksling og foredrag ved ressurspersonar. Målet har vore å utveksle erfaringar og samle førstehands kunnskap om nye måtar å drive sidemålsundervising på. Ein oppsummerande sluttrapport frå seminarrekka vart publisert i juni. Røynslene frå denne seminarrekka er eit viktig grunnlag i arbeidet med å utvikle nye og oppdaterte ressursar for sidemålsundervisinga på ungdoms- og vg-trinnet. Dette arbeidet byrjar for fullt våren 2016.

Forsøket blir evaluert av NIFU. Den første delrapporten deira vart lagt fram på ein fagkonferanse i januar 2016, der fleire av innleiarane og prosjektskulane frå seminarrekka vår hadde innlegg. NIFU skal legge fram sin sluttrapport i juni 2018.

- Etablere eit nettverk med «nynorske leseledarar», i samarbeid med Fylkesbiblioteket i Sogn og Fjordane. Målet med denne satsinga er å etablere eit nettverk av skolerte litteraturformidlarar, etter ein modell utvikla av Lesesenteret. Det skal byggast opp grupper regionalt som får opplæring i å presentere god nynorsk litteratur i ulike sjangrar for ulike aldersgrupper. Desse blir først og fremst rekrutterte blant barnehagetilsette, lærarar og bibliotekarar. Lanseringa av leseledar-prosjektet skjedde på eit formidlingsseminar i Førde i november 2014, og i løpet av våren 2015 vart det gjennomført tre skolerings-samlingar for dei som melde seg (ca 10). Hausten 2015 vart dei første oppdraga tinga, og så langt ser dette ut til å vere ein suksess med gode tilbakemeldingar frå skular og barnehagar i Sogn og Fjordane som har brukt ordninga. Målet er å eksportere opplegget til andre regionar/fylke, og i januar 2016 var det eit møte om dette i Bergen med representantar frå fylkesbiblioteka i Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal, Hordaland og Rogaland.

3.2.4. Drifte og leie det faglege nettverket NOLES

- Saman med Skrivesenteret og Lesesenteret har vi vidareført NOLES, eit fagleg nettverk mellom UH-institusjonar og nasjonale senter. I 2015 var det berre ei NOLES-samling (i mars). Dette var eit dansk-norsk forskarseminar på Schæffergården (København), arrangert i samarbeid Nationalt Videncenter for læsning i Danmark. Målet med seminaret var å skape ein møteplass for nordisk forskning på lesing, skriving og munnlege ferdigheiter, på literacy, i skule og lærarutdanning. Seminaret fekk støtte frå Fondet for dansk-norsk samarbeid.

Seminaret vart raskt fullbooka, og ca. 50 norske og 30 danske deltakarar var med. Hovudforedragshaldarar var James Paul Gee (USA), Helen Lines (GB) og Synnøve Matre (N), og det vart arrangert workshops med desse tre.

Forskarseminaret viste at det er stor breidde i lese- og skriveforskinga i Noreg og Danmark. Paperpresentasjonane hadde god variasjon både i tema, tilnæringsmåtar og omfang, og innlegga vart samla i ni parallelle sesjonar. Vi fekk også presentert ferske resultat frå to store forskingsprosjekt, eitt norsk; NORM-prosjektet, og eitt dansk; READ-prosjektet.

Resultat og ressursbruk:

Vi har gjennomført oppgåvene i senterspesifikk del av oppdragsbrevet i all hovudsak som planlagt. Det er vanskeleg å dokumentere «effektar» objektivt, men vi registrerer mykje og positiv merksemd om dei tre satsingsområda i Tiltaksplan 2. Særleg har det blitt framheva av fleire at det er positivt at Nynorsksenteret er i fremste rekke med å utvikle nye måtar å drive vurderingsarbeid på i det mangfaldige norskfaget. Forsøka med «tidleg start» og leseledarordninga har også blitt svært godt mottatt, og vi ser stor potensial i å spreie desse måtane å drive nynorskopplæring på.

Til oppdrag 3.2.1. har vi brukt ei øyremerkte løyving på 250 000 og ubrukte barnehagemidlar frå 2014 (sjå rekneskapen). Til å finansiere gjennomføring av Tiltaksplan 2 (punkt 3.2.3) fekk vi i november 2013 ei ekstraløyving på 1 mill. Vel 60 % av dette vart brukt i 2014, resten i 2015. Dei to andre oppgåvene i senterspesifikk del av oppdragsbrevet (Språkløyper og NOLES, inkludert forskarkonferansen i Danmark) har blitt finansiert innanfor grunnløyvinga. Det same har alle lønskostnadane, også for barnehagesatsinga og Tiltaksplan 2.

3.3 Andre oppdrag frå Utdanningsdirektoratet (ikkje relevant)**3.4 Oppdrag frå andre oppdragsgivarar som er utført i 2015 (ikkje relevant)**

4. Styring og kontroll

Nynorsksenteret er ein liten og oversiktleg organisasjon med 10-11 tilsette og minimal administrasjon. I tillegg til leiaren brukar vi berre 0,5 årsverk på ei rein administrativ stilling. Resten av dei tilsette arbeider i all hovudsak med faglege oppgåver. Leiaren har ofte kontakt med styringsavdelinga i Utdanningsdirektoratet om oppfølging av oppdragsbrevet og andre faglege spørsmål, og med administrasjonen ved Høgskulen i Volda om administrative saker (særleg økonomi og personal). Vi har følgd opp Udir og HVO sine rutinar og fristar for rapportering, og har ikkje fått tilbakemelding om avvik.

Nynorsksenteret har ikkje eige styre. Fagrådet har berre rådgjevande funksjon utan formelt avgjerdsmynde.

Vi vurderer resultat- og rekneskapsinformasjonen som relevant og påliteleg. Dei tertialvise rapportane kan nokre gonger vere misvisande pga. forskyving av utbetalingar og refusjonar, men årsoppgjeret (med tilhøyrande kommentarar) gir alltid eit tilnærma korrekt bilete av den økonomiske stoda. (Sjå elles merknad til rekneskapsrapporten i del 6.)

Den viktigaste grunnen til at vi kan bruke ein så liten del av den årlege løyvinga til administrasjon, er at vi er ein heilt integrert del av HVO-systemet for personal, arkiv, fakturaer, IT og anna teknisk drift. Desse tenestene betalar vi for gjennom dekningsbidraget til vertsinstitusjonen. Det er elles vanskeleg å vurdere om ressursbruken vår er «effektiv». Vi får jamt over gode tilbakemeldingar på kvaliteten på det vi gjer, både frå dei viktigaste målgruppene og Utdanningsdirektoratet, men det aller meste av dei tenestene vi leverer med utgangspunkt i oppdragsbrevet kan ikkje teljast og målast på ein enkel måte. (Sjå også merknad om dette fremst i kapittel 3.)

5. Vurdering av framtidsutsikter

Mandatet til Nynorsksenteret er formulert slik: *Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa skal gjennom si verksemd som nasjonalt ressurscenter bidra til auka kvalitet i arbeidet med nynorsk i barnehagen og grunnopplæringa. Senteret skal vidare bidra til interesse og motivasjon for nynorsk i barnehagen og grunnopplæringa.*

Vi føreset at ordninga med formell likestilling mellom nynorsk og bokmål som nasjonale skriftspråk held fram i overskodelig framtid. I Stortingsmeldinga *På rett vei. Kvalitet og mangfold i fellesskolen* (Meld. St. 20 (2012-2013)) er det formulert slik: «Regjeringa vil opprettholde både bokmål og nynorsk som fullt utbygde, samfunnsbærende skriftspråk» (s. 69).

Dette prinsippet har det vore offentleg ordskifte om heilt sidan Ivar Aasens tid, men førebels er det ingen seriøse politiske parti som har foreslått å endre ordninga. På den andre sida er det stadig press frå ulikt hald om å endre gjeldande lover og forskrifter om språkbruk i ei retning som i praksis vil svekke nynorsken si stilling i Noreg.

Prinsippet om likebehandling av nynorsk og bokmål har vore ein grunnpillar i norsk språkpolitikk i over 130 år. Det er sjølvsagt bra, men det har også ei problematisk side. Det gjer at staten heller ikkje i særleg grad har vore viljug til *særbehandling* av nynorsken. Dersom ein verkeleg meiner at den språkdelte norske skriftkulturen er ein verdfull ressurs som ein ynskjer å ta vare på – slik det står i dei offentlege dokumenta om gjeldande norsk språkpolitikk - burde staten vere mykje meir aktiv for å stimulere til meir bruk av nynorsk i Noreg. Slik er det ikkje. Etableringa og drifta av Nynorsksenteret er faktisk eitt av svært få tiltak der nynorsk er positivt særbehandla på kostnad av bokmål. Nokre få andre støtteordningar finst, men totalt sett utgjer løyvingane til oss og dei andre nynorsktiltaka berre ein ørliten del av den samla offentlege pengebruken på skule og kultur.

Det er også jamt over liten vilje til å fylgje opp brot på og avvik frå lover og reglar som skal sikre nynorsken sin posisjon i samfunnet. To døme på dette er brot på mållova (om språkbruk i offentleg sektor) og på dei juridisk bindande formuleringane i rammeplanen for lærarutdanning med krav om lik kompetane i nynorsk og bokmål.

På den andre sida blir nynorsk og nynorsknær dialekt stadig meir akseptert på nye arenaer, t.d. i media, reklame, underhaldning og i rikspolitikken. Det er dessutan truleg mindre hets og fordømmar blant «folk flest» utanfor nynorsk-områda enn det var før. Utviklinga mot eit meir multikulturelt og multispråkleg Noreg kan også vere med på å auke forståinga for den «gamle» språkvariasjonen i landet. Dei siste åras merksemd om fordelane ved å vere fleirspråkleg dreg i same leia.

Kunnskapsdepartementet sette i 2015 ned ei gruppe for å vurdere organiseringa av dei sentraladministrative oppgåvene i kunnskapssektoren. I rapporten deira (Gjedrem og Fagernes, januar 2016) blir det m.a. gitt tilråding om endringar i organiseringa av dei nasjonale sentera under Utdanningsdirektoratet. Våren 2016 er rapporten ute til høyring, og det er sjølvstundt enno uvisst kva som skjer vidare – både med dette spørsmålet og med dei mange andre framlegga til endringar i kunnskapssektoren. Men vi registrerer at rapporten også viser til at «de nasjonale sentrene skal medvirke til å utvikle kvaliteten i skolen, barnehagen og lærerutdanningen på sine respektive fagområder. Dette er viktige oppgaver, som vi legger til grunn at skal utføres også i framtiden» (s. 68).

Dei siste åra har det frå regjeringshald vore lansert fleire nye satsingar for skulen og lærerutdanninga, m.a. om realfag, IKT og lesing og skriving. Etterutdanning av lærarar er eitt av desse tiltaka, overgangen til femårig grunnutdanning eit anna. Kompetanseheving i nynorsk er ikkje nemnt eksplisitt i desse satsingane, men vi ser det som sjølvstundt at denne delen av språk- og kulturfaget norsk også blir prioritert.

Dersom framtidige regjeringar held fast på gjeldande overordna målsetjing for norsk språkpolitikk, vil Nynorsksenteret kunne spele ei viktig rolle i utdanningssystemet også i framtida. Ei ny språklov og/eller nye ramme- og læreplanar for barnehage og skule kan gi nye utfordringar og nye oppgåver, men vi vil tru at direktorat og departement uansett vil ha behov for eit fagmiljø med vår spisskompetanse.

Nynorsksenteret vart etablert ved Høgskulen i Volda i 2005. Grunnen til denne plasseringa var at ein her hadde landets fremste nynorsk-knutepunkt. HVO hadde (og har) lærerutdanning og grunnfag/årsstudium i norsk, begge med solid nynorsk-profil, og ei eiga masterutdanning i nynorsk skriftkultur. Dessutan er Ivar Aasen-tunet næraste granne i Ørsta. I dette kjerneområdet for nynorskutdanning, nynorskforskning og nynorskbruk er det truleg lettare å rekruttere medarbeidarar enn nokon annan stad. Difor er dette ei sjølvstundt plassering av eit senter med «nynorskopplæring» som hovudmandat.

Det skjer for tida store endringar og samanslåingar i UH-sektoren. Kva som skjer med Høgskulen i Volda, er framleis uvisst. Men sjølv om vertsinstitusjonen vår etter kvart truleg vil gå inn i ei større eining og skifte namn, vil campus og fagmiljøet i Volda etter alt å døme halde fram om lag som før. Vi reknar i alle fall ikkje med at denne UH-omorganiseringa får nokon praktiske konsekvensar for oss på kort sikt.

6. Årsrekneskap 2015 NYNORSKSENTERET

Oppgåve/prosjekt	IB 2015	Tildeling 2015	Suppl. tildeling	Andre inntekter/eksterne	Til disp. 2015	Budsjett 2015	Omdisp. 2015	Forbruk/ rekneskap 31.12.2015	UB 31.12.2015	Merknader
Grunntildeling 2015	1 741	7 506			9 247	9 147		8 775	472	I opphavleg budsjett (2.3.2015) hadde vi ført opp UB +108'. Avviket på ca 360' skuldast først og fremst desse postane: MINDREFORBRUK - Lågare lønsutgifter fast tilsette (+300' inkl. sosiale utgifter). To tilsette slutta 1.8. og ca. 1.10. Minimalt utlegg til vikarar for å dekke opp dette. To nye tilsette på plass våren 2016. - Lågare dekningsbidrag (overhead) enn budsjettert (+150'). Reforhandla avtale med HVO i 2014. 2015 første heile år med nytt berekningsgrunnlag. - Mindre kjøp av andre tenester/ eksterne oppdrag (+150') - Mindre bruk av prosjektmidlar (+60') Noko av dette beløpet skuldast manglande 2015-fakturering av igangverande prosjekt skuleåret 2015/16. - Mindre trykkingsutgifter (+50'). MEIRFORBRUK - Høgare utgifter til jubileums-konferanse i oktober (-200'), inkludert reise/opphald for innleiingar. - Høgare utgifter til reise/kost for NYS-tilsette (-140'), inkl. reise og to-tre kostdøgn for alle tilsette i samband med jubileumskonferansen og fagleg/sosial reise til Spania i mars.
Særskilte oppdrag 2015										
Vidareutvikling av støtte-materiell om grl. dugleikar	108	0			108	108		111	-3	
Barnehagesatsing	691	250			941	941		752	189	Viktigaste årsaker til mindreforbruk: - Forseinka start av to formidlings-prosjekt (til saman +100'). Start vår 2016
Tiltaksplan II	387	0			387	387		385	2	
SUM særskilte oppdrag 2015	1186	250	0	0	1436	1436	0	1248	188	
SUM tildelingar 2015	2 927	7 756	0	0	10 683	10 583	0	10 023	660	
Eksternt finansierte oppdrag	100	0						32	68	Didaktisk nynorskprosjekt ved Gudrun Kløve Juuhl, finansiert av Kulturdepartementet. Mindre frikjøp frå stilling i 2015 enn planlagt. Restbeløpet vil bli disponert i 2016 eller 2017.

Vedlegg

VEDLEGG 1

Besøksstatistikk for Nynorsksenteret sine nettstadar med vurdering av utviklinga de siste to åra.

NETTRESSURS	2015	endring 14-15	2014	2013	2012
Nynorsksenteret.no	94 715	+35%	70 219	64 886	50 209
Nynorsk bok.no	41 788	+22%	34 302	27 366	26 807
Berte og Iver	8 701	+4%	8 378	10 843	13 911
Nynorsk for dei minste	16 822	+35%	12 480	13 577	13 138
Teikneseriar	31 399	+23%	25 465	26 052	23 846
Tekstbasen	18 367	+9%	16 864	11 735	7 401
Typisk nynorsk	6 399	+5%	6 090	7 331	5 179

Brukartala frå 2012 til 2015 viser god vekst for bruken av nettressursane våre. Frå 2014 til 2015 har det vore særleg stor auke i unike treff på hovudsida *nynorsksenteret.no*. Av ressursane har *nynorsk bok.no*, *nynorsk for dei minste* og *Teikneseriesidene* størst auke. *Berte og Iver*-sidene ventar framleis på teknisk oppgradering. Ressursane der skal gjerast tilgjengelege på alle slags skjermar, dvs. ikkje berre på pc, men også på nettbrett og telefonar. Planlegging av omlegginga byrja alt i 2014, og har tatt vesentleg lenger tid enn føreset. Planlagt relansering er mars 2016.

VEDLEGG 2

Oversyn over støtte- og rettleiingsmateriell som er produsert eller revidert/oppdatert i 2015, fordelt på målgruppe (nivå/trinn) og medium.

RESSURSNAMN	SKILDRING	Barnehage	Barnesteg	Mellomsteg	Ungdomssteg	VGO	Nettside	Papir	Ny	Oppdatering
Tidleg nynorskstart	Nettside om tidleg start med nynorsk som sidemål		x	x			x		x	
Å utforske språket	Praksiseksempel				x		x		x	
Utforskande samtalar om språk	Lærarressurs om språksamtalar				x	x	x		x	
Å lese multiple tekstar	Film om arbeid med informasjon frå fleire kjelder				x		x		x	
Skjønnlitterær tekst i språkopplæringa	Nettressurs for norskopplæring for framandspråklege			x	x		x		x	
Spire	Hefte om språkstimulering i barnehagen	x					x	x	x	
Klart vi les!	Hefte om formidling av litteratur	x	x	x	x	x	x	x	x	
Bokstavsommaren	Nettside om bokstavstimulering i barnehagen	x					x	x	x	
Egget	Film og ressursar om heilskapleg læring i barnehagen	x					x		x	
Nynorskopplæring	Blad for lærarar og andre	x	x	x	x	x	x	x		x
Tekstbasen	Samling av nynorske sakprosatetekstar		x	x	x	x	x			x
Ungdomstrinn i utvikling	Fem ressursar laga til Udir.no				x		x			x
Nynorsk bok.no	Nettside med boktips	x	x	x	x	x	x			x
Nynorsk for dei minste	Nettside med ressursar for lærarar og bhg.tilsette	x					x			x
Typisk nynorsk	Ressursbase for lærarar				x	x	x			x
Nynorsk på 1-2-3	Nynorsk kurs i teikneserieform			x	x	x	x	x		x
Grunnleggjande ferdigheiter med vekt på nynorsk	Småtekstar med nynorsk vinkling på grunnleggjande ferdigheiter		x	x	x	x	x			x

VEDLEGG 3:

1) Utvald forskingsrelatert aktivitet: Publikasjonar av NSNY-tilsette

Hjalmar Eiksund og Jan Olav Fretland (red): *Nye røyster i nynorskforskinga. Artikkelsamling*. Samlaget (2015)

Bidrag frå NSNY-tilsette:

- Hjalmar Eiksund: «Mellom borken og veden. Ungdom på jakt etter ein nynorsk identitet»
- Gudrun Kløve Juuhl: «Språkval som situerte, retoriske handlingar»
- Marit Wadsten: «Frå 0 til 15 på hundre år! Nynorsk i doktorgradsavhandlingar og akademisk skriving»

Paper og innlegg på NOLES-konferanse, Schæffergården, København (mars 2015):

Hjalmar Eiksund: «Lese- og skriveopplæring eit norsk tospråksperspektiv»

Pernille Fiskerstrand: «Fagspråk og språkfag»

Pernille Fiskerstrand: «Godt språk i nynorske fagtekstar». Ivar Aasen-minnefordraget på Dei nynorske festspela (juni 2015)

2) Utvalde behov for ny kunnskap om nynorskopplæring:

Fire grunnleggande spørsmål:

- Kva er god sidemålsopplæring for ulike målgrupper?
- Korleis føregår nynorsk sidemålsopplæring i norske klasserom i dag?
- Kva særskilde utfordringar har elevar med nynorsk hovudmål i skriveopplæringa?
- Korleis føregår opplæringa i nynorskdidaktikk ved lærarutdanningane?

Dei tre første punkta var med også i årsrapporten for 2014. Grunnlaget for det fjerde er at det er svært store skilnadar i korleis UH-institusjonane driv nynorskopplæring for lærarstudentane. Dokumentasjon trengst som grunnlag for å sikre eit godt og likeverdig tilbod ved alle lærestadane.